
Saksnr: 2020/41070-7
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe
Dato: 03.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Innspel til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2024 - Vik kommune

Følgjande innspel er sendt til Vik kommune innan fristen 30.09.2020.

Vestland fylkeskommune viser til motteke høyringsutkast til Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Vik kommune 2020 - 2024.

Vik kommune skriv at planen skal vera retningsgivande og eit styringsverktøy for både politikarar og administrasjon, knytt til kommunen sitt arbeid med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Statlege retningslinjer for planarbeidet

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1, Kommuneplan:
«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og Arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen».

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2020, punkt 2.4.4: «Anlegget skal være del av en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet.

Følgende er unntatt dette vilkåret:

- Orienteringskart.
- Skilting/merking av eksisterende turveier, tur-/skiløyper og turstier».

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og

fysisk aktivitet; «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- «Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.

- Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spillemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.
- Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»

Kapittelvis gjennomgang

Planen er ryddig og presenterer fagfelta i kommunen på ein god måte. Dokumentet er oversiktleg og informativt. Oppsummeringa etter kvart kapittel er eit godt grep. Denne planen har ein generell del, eit fireårig prioritert handlingsprogram og eit uprioritert langtidsprogram. Det prioriterte handlingsprogrammet har ei årleg rullering, med politisk vedtak som grunnlag for søknad om spelemidlar kvart år.

1. Behovet for ein plan vert godt skildra.

Planen er ein revisjon av plan for perioden 2016-2020, og erstattar denne. Det vert vist til Kulturdepartementet sin eigen vegleiar for dette planarbeidet.

1.3. Føremål og intensjonar er gode og tydelege, med eit overordna fokus på folkehelse.

4. Planen som styringsverktøy.

Fylkeskommunen oppmodar til å klargjere dette kapittelet. Teksten er noko uklår i framstillinga av korleis planen og handlingsprogrammet påverkar anleggsutviklinga i kommunen.

1.6. Det er positivt at ein viser til koplingar til anna kommunalt planverk. Det kan vere hensiktsmessig å vise desse koplingane vidare i større grad i sjølve planteksten.

3.1. Kapittelet er ei resultatvurdering av førre handlingsplan. Kommunen vert oppmoda til å inkludere heile fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i resultatvurderinga, ikkje avgrense til berre å gjelde anleggsutviklinga. Ei evaluering av førre plan kan vere ein viktig og god gjennomgang for å dra linjene mellom planane og for å vise til den generelle utviklinga i kommunen.

4.2. Statlege føringar.

Det er positivt at det vert vist til føringar frå opplæringslova. Dette har klar relevans til vårt fagområde. I tillegg ønskjer vi å oppmode kommunen til å inkludere ny handlingsplan for fysisk aktivitet, Sammen for aktive liv 2020-2029.

I tillegg er det fleire relevante styringsdokument innan friluftsliv, som kommunen bør knyte til arbeidet på område. Av regionale føringar oppmodar vi kommunen til å definere eit breiare fagområde ved å vise til gjeldande planar for folkehelse og ny utviklingsplan for Vestland, som etter planen skal vedtakast i slutten av september.

5.6. Folkehelse.

Dette kapittelet kan kanskje sjåast meir i saman med 5.7., 5.8. og heile kapittel 6. Eit godt kunnskapsgrunnlag er grunnlaget for god planlegging der inkludering og folkehelse er overbyggande. Dei nylanserte oppvekstprofilane frå FHI kan vere nyttige verktøy i dette arbeidet.

5.7 Fysisk aktivitet og idrett ved skulane

Det vert i kap.5.7 vist til fråfall i idretten ungdomsåra og mindre fysisk aktivitet. Vi oppmodar kommunen til å gje døme korleis møte desse utfordringane, som til dømes fornya anleggsutvikling eller andre tiltak i skulen sin regi, som t.d. 1 time fysisk aktivitet i skulekvardagen.

7. Dette kapittelet bør vere eit kapittel om målsetjingar for arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv generelt og ikkje anleggsutvikling spesielt. Målsetjingane i kap 7.1, 7.2 og 7.3 viser til breidde i fagfeltet og korleis folkehelse, kunnskapsgrunnlag, ulike føringar ligg til grunn for korleis kommunen kan innrette arbeidet med planlegging, medverknad og tilrettelegging for fysisk aktivitet kvar dag for alle.

Kap. 7.5 inneheld ei oversikt i tabellform på tiltak som kan fremje fysisk aktivitet i kommunen innan ulike samfunnsområde. Det er bra at kommunen har sett opp ein slik tabell, men dersom denne skal ha nytteverdi bør denne ha klare målsetjingar og evalueringsmetodar og tidshorisont for at desse skal gje verdig og sikre at målet vert nådd.

Fylkesrådmannen rår til å omtale eigenorganisert aktivitet. Dette er viktig i utviklinga av nye trendar og endring i aktivitetslandskapet. Kommunen oppmodast til å konkretisere eigne satsingsområde for denne målgruppa.

Folkehelseoversikt Vestland og Utfordringar Vestland, kan vere dokument som kan bidra til dette m.m.

Fylkesrådmannen oppmodar kommunen om å implementere eit eige kapittel om frivillig innsats/frivilligpolitikk. Dette er eit område fylkeskommunen har fokus på og ønskjer at kommunane skal ha forankra i sine planar.

Siste del av planen omhandlar behovsvurderingar generelt på anlegg, økonomi og prioriteringar. Det er positivt at planen inneheld bilete frå nokre av anlegga. I denne planen vil det vere viktig å ha både kart og bilete. Det er mange anlegg og friluftsområde som vert omtala, og det er stor verdi i å kunne vise til desse på kart og eventuelt bilete. I omtale av Vik idrettspark, vert det vist til at nokre nærmiljøanlegg manglar. Det kan vere ein fordel for lesaren å bli merksam på kva anlegg dette gjeld.

I kap. 9.4 kan det vere meir føremålstenleg å sette dette opp som kulepunkt. Ettersom det manglar tal for dei ulike postane i dei ulike kolonnenen.

I kap. 9.5 manglar det søknadsår og fordeling på finansieringsoppsettet på dei ulike søknadane.

I handlingsprogram for ordinære anlegg prioritet 3, er tiltaket for generelt, ikkje spesifisert, turveggar i Vik, manglar søkjar/eigar av anlegget. Prioritet 4 og 5 kan slåast saman til ein søknad. Det må også på begge tilskotsordningane sine handlingsprogram settast opp søknadsår på deil ulike tiltak. Dersom den første tabellen i kap. 9.5 er meint som tiltak som har budsjettmessig forankring i Vik kommune sin økonomiplan, må dette kome fram i oversikta.